

HOLMGANG

BONDEUNGDOMSLAGET I STAVANGER

Nr. 1

14. Januar 1999

Årgang 27

ÅRSMELDING 1998

for
BONDEUNGDOMSLAGET
i
STAVANGER

Skipa 21. september 1900

- Bondeungdomslaget** er medlem av Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag gjennom fylkeslaga, og Norske Lagsbruk
- Bondeungdomslaget** eig lagshuset i Rektor Oldensgt. 17, og lagshytta på Giljastølen.
- Bondeungdomslaget** har desse særлага:
- Leikarringen
 - Teaterlaget «Timian»
 - Barnelaget (dans og teater)
- I tillegg har me hatt desse gruppene:
- BUL-veteranane
 - PUH-gruppa
 - Ungdomsteatergruppa
- Bondeungdomslaget** sitt lagsbruksstyre forvaltar eiga og står for drifta av eigedomane.
- Bondeungdomslaget** har dette året hatt desse nemndene:
- Studienemnda** organiserer kursverksemda i laget.
 - Hytte- og turnemnda** står for drifta av hytta.
 - Redaksjonsnemnda** gir ut lagsbladet «Holmgang»
 - Hovudnemnd for Brukskunstmesse**

HOLMGANG

Redaktør:
Atle Røe

Redaksjonsmedlemer:
Anna Motland
Hilde Birgitte Løknes
Barbro Vanvik
Fred Jensen

Utgjevar:
Bondeungdomslaget
Trykk:
Bondeungdomslaget

Gode medlemer.

Dette nummeret som kjem her er i grunnen eit ekstranummer av «Holmgang» som lagsstyret sender ut. Dette nummeret omfattar innkalling til årsmøte med sakliste, og årsmeldingar frå hovudlaget, særslag og nemnder.

Sjølv innkallinga til årsmøtet som i år er onsdag 3. februar, sto òg i «Holmgang» nr. 5 - 98 så alle medlemene er varsla i god tid.

Årsmøtet er det høgste organet i laget. Alle over 14 år og som har betalt medlemspengar for 1998 har røysterrett på årsmøtet. Årsmøtet er vedtaksført når minst 1/10 av medlemene er tilstades, men likevel aldri mindre enn 20 medlemer.

Med 214 medlemer, må me difor vera minst 22 medlemer tilstades. Difor oppmodar me alle medlemer til å koma på årsmøtet.

No har me bak oss to heile samanhengande driftsår av det nye huset vårt. Etter kvart byrjar me å få betre røynsle om korleis alt skal og bør gjerast, men enno er det mangt som vantar før me kan seia at alt er på plass. Økonomien er bremseklossen på mange område. Me nådde ikkje opp i «trekninga» om dei såkalla «STUI»-midlane dette året. Stavanger kommune hadde oss på ein sikker plass, men fylket hadde annan prioritering. Dette medfører at me ikkje får betalt ned på lånet me har, noko som no gjev oss ei renteutgift på nær kr. 70.000,- i året etter rentesatsane som no er. Altså, me må ha ei ekstra inntekt på kr. 1.350,- pr. veke for å dekke dette. Men det må gå. Dersom alle har det klart for seg at som medlem i BUL er ein medlem i eit fellesskap der kvar og ein må vera med på å dra lasset, vil dette gå bra. Kan kvar av oss tenkja økonomi for laget i det me gjer i lagsarbeidet er dette bra. Då kan me på sikt sitje i gjeldfritt hus, og med tid og stunder kan me kanhende ta ut pengar frå husdrifta til lagsaktivitetar istaden for at det no går andre vegen.

Med helsing lagsstyret.

**INNKALLING TIL ÅRSMØTE
ONSDAG 3. FEBRUAR KL. 19:00
I REKTOR OLDENSGT. 17**

SAKLISTE:

1. Opning
2. Godkjenning av innkallinga
3. Godkjenning av saklista
4. Val av 2 ordstyrarar
5. Val av 2 møteskrivarar
6. Val av to til å skrive under møteprotokoll
7. Val av teljenemnd
8. Årsmeldingar:
 - Hovudlaget
 - Særlaga og nemnder
 - Lagsbruket
9. Rekneskap
 - Hovedlaget
 - Særlaga og nemnder
 - Lagsbruket
10. Arbeidsprogram for 1999
11. Årspengar for 2000
12. Budsjett for 1999
13. Val i samsvar med lagslovene.
 - Lagsleiar og AU-medlemer
 - Leiar og medlemer i studienemnda
 - Leiar og medlemer i lagsbruksstyret
 - Leiar og styremedl. i leikarringen
 - Leiar og styremedl. i barnelaget
 - Leiar og styremedl. i teaterlaget
 - Leiar og medlemer i hytte- og turnemnda
 - Redaktør og red.medl. i «Holmgang»
 - Ettersynsfolk
 - Valnemnd for årsmøtet i 2000
 - Utsendingar til årsmøta i RU og RM
 - Utsendingar til årsmøta i NU og NM

Årsmelding for Hovudlaget:

Styret har hatt denne samansetjinga:

Arbeidsutvalet:

Leiar: Audun Aarflot
Nestleiar: Toralf Sæle
Skrivar: Kari Olaus Tveit
Medlem: Tone Stølsvik
1. varamedl. Anne Marie Austarheim
2. varamedl. Halvard Helseth

Øvrige styremedlemer:

Edel Tykhelle (leikarringen)
Ingrid Skátun (teaterlaget)
Oddvar Flatabø (lagsbruket)
Tove Grødem Johnsen (Studienemnda)
Berit Sæle (barnelaget)
Atle Røe (Holmgang)

Arbeidsutvalet har hatt 14 møte og handsama 46 saker.

Styret har hatt 11 møte og handsama 66 saker.

Medlemstalet for 1998 er 100 (130) barnemedlemer (3 - 14 år), og 214 (220) vaksne. Tala i parantes er for 1997. Av dei vaksne medlemene er det 24 som er med i PUH-gruppa vår, og 29 (25) stk. i alderen 15 - 26 år.

Heidersmedlemer: Ole Johannessen

Lagslivet i 1998 har vore jamt over godt. Huset har vore bra utnytta, både til eigne aktivitetar, og til utleige. Det siste er det som gjev mest pengar inn i kassa for å kunna drive huset på ein forsvarleg måte. For at dette skal lukkast, har me no greidd å samle dei faste aktivitetane våre på faste dagar. Måndagen har Stavanger og Sandnes swingklubb Storsalen, og i Kjellarstova er det ei trimgruppe. Tysdagen er den mest nytta dagen. Då er så godt som heile hovudetasjen oppteken av oss. Barnelaget frå kl. 17:30, så kjem PUH-gruppa vår, og deretter leikarringen og ungdomsteatergruppa. Lillesalen er ledig frå kl. 20:00 dersom det er nokon i laget som har lyst til å starte opp ny aktivitet for dei som ikkje alt er opptekne med andre aktivitetar den kvelden. Kjellarstova er utleigd til ein ballettskule. Onsdagen er kursdag, nybyrjarkurs eller vidaregåande kurs i gamaldans i Storsalen, og barneteatergruppe i Teatersalen. Dessutan er dette møtedagen for BUL-veteranane som møtest som regel i Kaffistova første onsdagen i månaden. I Kjellarstova er Stavanger og Sandnes Swing-klubb. Torsdagen er først den andre barneteatergruppa i Teatersalen, og deretter overtek teaterlaget vårt. Laurdagen er den dagen dei aller fleste leigetakarane spør etter, og dei er ute i god tid, så all lagsaktivitet som skal vera med helga må no fastsetjast i god tid. Ellers kan me risikere at det ikkje er ledig den laurdagen me hadde tenkt. Dette er ein ny situasjon som me berre må venje oss til først best. All lagsaktivitet som går utanom dei faste øvingskveldane må no langtidsplanleggast.

Mange av medlemene har delteke aktivt i arbeid som må gjerast for at laget og huset skal fungere som ein god møtestad for oss alle, det vere seg på praktisk dugnadsarbeid inne i huset og utanfor huset, og med arbeid i planlegging og gjennomføring av ulike festar og samkomer. Me har ikkje ført nokon statistikk over tal på dugnadsstimar, men det er svært mange er heilt sikkert. Stor takk for innsatsen til alle som har vore med på dette.

Tilskipingar, møte og festar.

11. januar **Juletreffest** (Barnelaget i samarbeid med Stavanger komm. Musikk-korps)
4. februar **Årsmøte.**
25. februar **Framhald av årsmøte**
14. mars **«Gourmetkveld»** God mat og program. Teaterlaget synte fram «Den omskaptede brudgommen» av Holberg, og nokre matglade kokkar frå leikarringen sytte for ein svært god og spesiell mat. Dansen gjekk lett over tilje uti dei små timar etter god musikk.
29. april **Lagsmøte** med emne: **Bunader i Rogaland.** Historikk, og forskning, med kåseri, lysbilete og utstilling. Bra frammøte.
17. mai **Fest.** Rømmegraut og spekemat var på menyen, og ellers godt program og Vibå spelemannslag sytte for god dansemusikk. Omlag 100 var på festen. Det var eige opplegg for borna, slik at foreldra kunne ta dei med seg.
10. sept. **Barnetime** m/Kine Hellebust og Liv Ingebrigtsen
Omlag 150 born med foreldre kom her. Det var sendt ut spesiell innbyding til elevane i dei nynorske parallellklassene i Stavanger. Barne-leikarringen hadde òg ei lita framsyning slik at dei fekk vise kva tilbod me har til borna i BUL.
Programkveld m/Kine Hellebust, Eivor Time og Liv Ingebrigtsen
Omlag 60 hadde funne vegen til BUL denne kvelden, så det vart heller trangt i Litlesalen, men det gjekk, og me fekk alle ein herleg kveld med mykje godt program.
Begge desse i samarbeid med Stavanger Mållag, og det var eit opplegg frå Noregs Mållag.
17. - 18. okt. **Brukskunstmesse**
Etter røynslene me fekk i 1997, og ynskje frå dei som kjøper plass hos oss, vart det dette året sal både laurdag og søndag. Dette året var det 29 dyktige brukskunstnarar innanfor mange ulike greiner som kom, og dei aller fleste fekk svært godt sal. Salet gjekk òg godt på den standen BUL hadde, der medlemene hadde laga ting som dei gav til laget. Kafèdrifta gjekk òg godt, så me fekk eit bra overskot på denne messa i år òg. Me investerte i ein del utstyr, mellom anna kjøpte me inn 25 lèveggjar for kr. 5.000,- til å ha som skiljeveggjar.
7. november **Hautfest** for PUH grupper i området. I samarbeid med Stavanger kommune.
- 27.12. **Romjulsdans.**
Godt frammøte, rundt 100, det festnemnda baud på rømmegraut og spekemat. «Vibå» spelemannslag sytte for musikken. Underholdning ved lagsmedlemmer.

Diverre måtte me avlyse årsfesten me hadde planlagt i rundt årssdagen vår. På det tidspunktet me måtte gjere avtale med firmaet som skulle levere middagen, var det berre rundt 30 som hadde meldt seg på

Elles har dei ulike særlaga og gruppene hatt ulike festar og samkomer.

Utsendingar:

Årsmøtet i Rogaland Ungdomslag:	Marianne Aske, Jan L. Hustoft
Årsmøtet i Rogaland Mållag:	Atle Nordbotten
Årsmøtet i Noregs Ungdomslag:	Kristin Barvik, Hilde E. Løknes
Årsmøtet i Noregs Mållag:	ingen

Leiaropplæring:

Koreografi:	Inger Marie Kjellevoid
NU Folkedansseminar:	Hilde E. Løknes, Anne Møll
NU Teaterseminar:	Ingrid Skátun
Storkurs i RU på Bryne:	Anne Lise Tveitane, Marit Svendsen, Siv Lilleholt, Anne Møll, Odd Svendsen

Sommarkurs i NU på Sund folkehøgskule, Inderøy.
Teater: Gunn Thelin Knutsen

Verv i andre nærskyldige lag:

Rogaland Ungdomslag:

Skrivar:	Barbro Vanvik	Bunadsnemnd	Eli Olsen
2. varamedl.:	Eli Olsen		Ragnhild Ødegaard
3. varamedl.:	Inger Marie Kjellevoid		Daghild Håvardsholm
Ettersynsfolk:	Magne Hope		
	Oddvin Emmerhoff		

Rogaland Mållag:

Ettersynsmenn: Audun Aarflot

Noregs Ungdomslag:

Nestleiar: Anne Marie Nerby
Leiar teaterrådet: Kristin Barvik

Det Norske teatret: Ottar Vandvik, styremedlem

Årsmelding for Barnelaget.

Styret har vore samansett av:	Leiar:	Berit Sæle
	Skrivar:	Anna Djuvik Kro Ingrid Kjøde Gunn Inger Hovda Sture

Instruktørar:	Barneteaterskole:	Randi Bentzen (onsdagsgruppa) Kari Elisabet Wathne (torsdagsgruppa)
	Barneleikarring:	Marit Svendsen Anne Nordbø Nymark (vår) Edel Tykhelle (haust) Marit Kjøde Anne Lise Tveitane (haust) Hilde E. Løknes Hilde Birgitt E. Løknes (vår) 15 øvingar i vår og 15 i haust. Spelemann: Jan Knutsen.

Totalt har 100 betalt medlemspengar for 1998, 60 i barneleikarringen i tre ulike aldersgrupper, 37 i barneteatergruppene og 3 i ungdomsteatergruppa. Nokre av desse har berre vore medlemmer i vårhalvåret eller hausthalvåret.

I barneteateret si onsdagsgruppe har det vore kontinuerleg rekruttering heile hausten, så det har av den grunn vore vanskeleg å setje opp noko stykke. Torsdagsgruppa har øvd på stykket "Lille prinsen", og dette vart vist på avslutningsfesten for barnelaget 1.12. Onsdagsgruppa synt på denne festen nokre "mimeøvelsar". Til våren satsar begge teatergruppene på ein felles produksjon.

Styremøte:

1.4., 16.4., 18.8. og ellers ein god del telefonmøte.

Turar:

20 deltakarar var med på RU-stemna i Tysværvåg 12. - 14. juni

Det var meldt på 20 stk. til Barnlek i Ringstad i Danmark, men dette vart for dyrt så vi måtte trekke oss.

Framsyingar og andre tilskipingar/aktivitetar:

- 11.1. Juletefest i samarbeid med Stavanger komm. musikk-korps
- 13.1. Øvingsstart vårhalvåret
- 15.-16.4. Luking rundt huset. Takk til mange små og store gartnarar.
- 12.5. Avslutning for vårhalvåret. ca. 100 vaksne og 60 barn tilstades.
- 17.5. Deltaking i folketoget 17. mai
- 25.8. Øvingsstart hausthalvåret
- 12.11. Framsying på Kvadrat kjøpesenter
- 1.12. Avslutningsfest, ca 170 personar tilstades. Servering av risgraut. Gorilla delte ut bananar.

5 medlemmer i barnelaget deltek i Ungdomsringen i Rogaland Ungdomslag. Nokre medlemmer var òg med på Haustsprettan som RU arrangerte.

Gåver/sponsing:

MEGA-kjeda har sponsa barnelaget med kr. 1.000,- pluss gåver til utlodning, bananar og sjokolade til juletefesten.

Ole Jan Olsen, gevinstar til utlodning, Tusen takk
Privat personar (foreldre), gevinstar m.m., Tusen takk

For styret i Barnelaget

Berit Sæle

Årsmelding for Leikarringen.

Leikarringen har 1998 hatt øvingskveldar på tysdag. 23 kveldar i vår, og 16 kveldar i haust., tilsaman 39 øvingskveldar. Innan desse har det vore 5 fellesøvingar med Sandnes og Klepp, 4 tema-/diskusjonskveldar og eit førebuande årsmøte. Temakveldane har hatt ulike innslag, mellom anna lysbilete frå Nordleik og Isleik, kåseri om multikunstnaren Leif Mæle v/Dag Bjørkedal, forutan diskusjonar omkring aktuelle saker i leikarringen.

Det har også denne hausten vore øving for nybyrjarane frå kl.19:00 til 20:00 med Odd Svendsen som instruktør. Desse har delteke i leikarringen frå kl. 20:00 til 21:00. Den vanlege leikøvinga har vore frå kl. 20:00 til 22:00 med Anne Marie Nerby og Dag Jostein Nordaker som instruktørar. I haust har dei stort sett instruert annankvar tysdag.

Leikarringen har 48 betalande medlemmer.

Gaute Hadland har vore fast spelemann, av og til med forsterkningar frå "Vibå".

Søndagsdansen:

Leikarringen har arrangert 10 søndagsdansar, 5 i vår og 5 i haust. Frammøte på desse har vore på omlag 50 - 60 personar. Vi kunne ønskt det var fleire.

Musikk til søndagsdansen:

Vibå Spelmannslag

Tri-Firoen

Toradergjengen frå Sandnes.

Jæren Frilynde

Gnagsaaret

Framsyingar:

4. februar: Utstein kloster og vertshus: Framsying og dans med kursdeltakarar
7. mai: Tjensvoll bydelshus: Framsying for og dans med PUH-grupper.
17. mai: På Rogaland Sjukehus og i Byparken. Deltok i folketøyet (i år utan musikk)
28. Mai: Atlantic Hall: Framsying for ei gruppe japanske forretningsmenn
7. juni: Stavanger International School: Opning av Texas-dagane
28. august: Arneageren: Engasjert av Stavanger kommune
7. Nov.: Framsying på Haustfest i BUL for PUH-grupper i Stavanger.

Utsettingar til kurs og møte:

6. - 8. feb.: Storkurs på Bryne: Inger Johanne Bull-Njaa og Torill Stordalen
24. okt.: RU lokallagssamling på Klepp: Birgit Aadland, Atle Røe og Torill Stordalen.

Andre tilskipingar

14. mars: Gourmetkveld i Siddis-stova i samarbeid med teaterlaget og nokre initiativrike matglade i leikarringen. Ein svært vellukka kveld med mange tilstades.
16. juni: Sommaravslutning for leikarringen på Lindøy. Vi hadde ein koseleg tur med grilling, turgåing og bryggedans til trekkspelmusikk v/Eivind Lenes.
8. des.: Juleavslutning i leikarringen i Siddis-stova. Omlag 70 nissekleddede personar åt velsmakande risgraut og opplevde vakker song av Birgit Aadland, og opplesing med både alvor og skjemt av Ottar Vandvik. Utpå kvelden fekk vi besøk av "gamlenissen" før vi avslutta festen med dans til feiande trekkspelmusikk av Lars Eielsen.

Bunadutleige: (Rapport frå bunadkontakten 1998)

I år har me hatt utleige i alt 50 gonger og utlån til framsyingar i alt 12 gonger, med fylgjande fordeling:

	Utleige	Utlån
Herrebunad	24	9
Kvinnebunad	8	3
Krone u/bringesølv	4	0
Brurebunad	0	0
Berre skjorte	14	0
Sum	50	12

Nokre av framsyingane vart avlyste, men er registrerte som utlån. Brurebunaden, krone og ein mannsbunad har i tillegg vore utlånte til utstilling på brukskunstmesse i BUL.

Utført vedlikehald/innkjøp 1998

- Gått gjennom alle bunadene med styret, bunadsnemnda og Ingeborg Djuvik. Etter dette vart det slutt på å leige ut enkelte plagg, og reparert andre.
- Nye belteband til 2 kvinnebunader, D4 og D5
- Reparert knapphol på mannsbunad M20
- Ny vest til mannsbunad M42
- Såling av 2 par herresko.
- Skifta ut mannsbunad M11, ny bunad ferdig våren 1999.
- Planlagt å skifte linningar på kvinnebunad D4 og D5 (vår 99)

Status desember 1998:

Leikarringen har i alt 5 herrebunader, av desse ein ny som vert ferdig våren 99. Ein 6. bunad er "teken ut av sirkulasjon" i år. I tillegg 3 kvinnebunader, 1 brurebunad og krune med bringeduk og belte, samt 4 par skor og ein hatt. Vi har ikkje lenger ekstra skjorter.

Det er sett av pengar til skifte av brurebunad, men dette er ikkje starta opp. Dei andre bunadane er i brukbar stand.

Bunadutleigar: Hege Dirdal

Styret har i 1998 vore slik samansett:

Leiar:	Edel Tykhelle
Nestleiar:	Inger Johanne Bull-Njaa
Skrivar:	Torill Stordalen
Kasserar:	Berit Fuglestad
Styremedlem:	Rune Eliassen
1. varamedl.	Audun Rosland
2. varamedl.:	Olav Kvig

Styret for leikarringen har halde 18 styremøte. Av desse var fire fellesmøte med Klepp ig Sandnes. I tillegg har medlemene av styret delteke på eit møte med bunadsnemnda, to møte med studienemnda og eit infomøte om den nye instruktørutdanninga i NU.

Leiaren er dessutan styremedlem i hovudlagsstyret, og møter fast der.

Arbeidet i styret i 1998 har bore preg av at dei fleste var nyvalgte, dermed har vi brukt lang tid til å setje oss inn i ulike saker. I tillegg har vi arbeidd ein del med planlegginga sommardansinga for turistane, som det ikkje vart noko av. Ein planlagd overnattingstur til Gilja vart avlyst p.g.a. manglande interesse. Ein leikfest var òg planlag, men denne vart avlyst fordi han kom for nær 25-års jubileumsfesten til Vibå spelemannslag.

Årsmelding for BUL-veteranane

BUL-veteranane har hatt 6 møte i 1998. Frammøtet har vore frå 10 til 18 på kvart møte. Av programinnslag har me hatt dette:

- 11.2. Daghild Håvardsholm gjorde greie for arbeidet dei seinare år i bunadsnemnda i fylkeslaget. Ho hadde med seg bunadsplass i dokkestørrelse og i full størrelse.
- 4.3. Opplesing ved Erling Skurtveit av tre fortellingar frå Bokn: "Krig og kvardag 1940 - 1945" der hordalendingar fortel om korleis dei opplevde krigen.
- 15.4. Me fekk høyra Gisle Straume i eit opptak der han les frå boka "Fred" av Arne Garborg. Der vart òg vist lysbilete frå sommarstemnene i Vågå og Odda i 1960-åra, og frå mange praktfulle kyrkjebygg rundt om i Europa. Arne Molaug sto for dette.
- 7.10. Erling Skurtveit las opp frå ein artikkel som tok for seg noko av det som hender i USA gjennom eit døgn.
- 4.11. Målfrid Grimstvedt fortalde frå ein tur til Island i samband med Isleik eit nordisk folkedansstemne i Reykjavik. Ho og andre frå BUL var òg med på ein dramatisk tur over Vatnajökulen.
- 18.12. Arne Molaug fortalde frå julefeiring i hans barndom. Opplesing av dikt ved Clara Molaug.

Årsmelding for studienemnda.



Studienemnda 1998:

Leiar: Tove Grøden Johnsen
Bjørg Flatabø
Gunnleiv Sande

Gjennomførte studietiltak våren 98:

Gamaldans, nybyrjarar	20t	24	deltakarar
Gamaldans, oppfylgjingskurs I	12t	17	deltakarar
Gamaldans, vidaregåande	20t	42	deltakarar
Gamaldans, oppfylgjingskurs II	20t	30	deltakarar
Telespringar	4t	17	deltakarar
Rørospols	4t	34	deltakarar
Lefsebaking	12t	12	deltakarar
Treskjeriing, karveskurd	20t	8	deltakarar
Gotisk handskrift (lesing)	12t	12	deltakarar

Andre aktivitetar som vart innmelde som kurs i NU:

PUH-gruppa	38t	27	deltakarar
Kven veit (tre grupper)	36t	18	deltakarar
Timian ungdomsteater	38t	11	deltakarar
Leikarringen	46t	57	deltakarar

Kurs som vart avlyste på grunn av manglande påmelding:

Vossarull og springar 2 laurdagar à 4t. (Nytt kurs vart sett opp og gjennomført i hausten.)
Mat av vårens ville vekstar. (Nytt kurs vert sett op våren -99)

Gjennomførte studietiltak hausten 98:

Gamaldans, vidaregåande	20t	21	deltakarar
Suldassspringar og Vossarull	12t	24	deltakarar
Lærarkurs i folkedansinstruksjon	4t	35	deltakarar
Lefsebaking	12t	9	deltakarar
Treskjeriing, karveskurd	30t	4	deltakarar
Kurs i toving	15t	11	deltakarar

Andre aktivitetar som er innmelde til NU:

PUH-gruppa	26t	20	deltakarar
Timian Ungdomsteater	33t	11	deltakarar
Leikarringen	45t	72	deltakarar

Kurs som vart avlyste på grunn av manglande påmelding og mangel på instruktør:

Plukking av sopp og tillaging av denne (Utsett til hausten -99)
Gamaldans for nybyrjarar (Mangel på instruktør)

Kurs som er arrangerte av studienemnda totalt i 1998: 15 kurs
300 deltakarar

Studienemnda har hatt møte med instruktørar og styret i Leikarringen 28. mai og 9. desember. På desse møta har me gått gjennom det me vil ha av kurs når det gjeld dans. Ellers går møta stort sett føre seg pr. telefon

Me vil ellers takka instruktørar, styret i leikarringen og kasserar for godt samarbeid.

Helsing studienemnda
v/Tove Grødem Johnsen

Årsmelding for teaterlaget «Timian».



Styret i arbeidsåret har vore:

Leiar: Ingrid Skátun
Kasserar: Wenche Moi
Styremedlem: Gunn Thelin Knutsen

Gruppa har i dette året hatt 9 medlemer. I vårhalvåret øvde vi på og hadde premiere på "Den omskapte brudgommen" av Ludvig Hodberg. Instruktør var Kristin Barvik. Premieren hadde vi på Gourmetfesten, dette i samarbeid med leikarringen. Det var omlag 140 deltakarar her. I tillegg hadde vi ei framsyning i BUL med 5 tilskodarar i salen. Vi hadde kontakta sjukeheimane i Stavanger, og fekk koma til 2 stykke + Madla fritidsklubb. (der skulle vi ha vore 2 gonger, men ein vart avlyst). Publikumstalet på sjukeheimane var ca. 30 - 40. På fritidsklubben var det 10 stykke. I haust har vi skrive på revy, og vonar å kunne ha premiere i mars -99 ein gong.

Ingrid Skátun

Årsmelding for ungdomsgruppa i «Timian»

Gruppa starta opp 6. januar. 9 stykke møtte og ein slutta.

Vi øver kvar tysdag kl. 19, og leiar for gruppa er Inger Marie Kjellevoid

Vi starta opp med å spele på juletefest den 11.1. på Sola, og førde fram «Snekker Andersen og Julenissen» av Alf Prøysen. Øvingane går mest ut på å bevege seg på scena, teatersport, sang, dans osv. Den 27.3. til 29.3. var vi på barne- og ungdomsteaterfestival i Sauda. Det var ein lærerik og koseleg tur. Vi møtte barn og unge frå heile Rogaland som viste fram det dei hadde arbeidd med i løpet av våren. «Timian» ungdomsteater viste utdrag frå Askepott, eventyret av H. C. Andersen. Det var meininga å vise dette stykket før vi slutta til sommarferien, men p.g.a. ein del endringar vart det ikkje noko av dette.

Hausten 98 starta vi opp tysdag 25.8. Like mange stilte (9 stk.) pluss ein ny. Denne hausten har vi konsentrert oss om det å skrive manus. Planen er å lage ein ungdomskabaret med tema: Ungdom - foreldre - skule. Vi har også i løpet av hausten fått med oss Elisabeth Andreassen som hjelper oss med skriveprosessen pluss pianist Tor Erik som hjelper til med musikken. Ved årsslutt er vi no 12 aktive medlemer pluss leiar. Vi har ikkje hatt noko foramsyning denne hauste.

Inger Marie Kjellevoid, Leiar.

Årsmelding for Hytte- og turnemnda.

Med i hytte- og turnemnda i 1998:

Leiar: Reidar Sand
Ingvild Seland, Magne Hope, Jone Dirdal

Hyttenemnda har ikkje så mykje å rapportere dette året.

Bruken av BUL-hytta på Giljastølen er nok ganske avhengig av veret og verken vinter- eller

sommarveret i 1998 har inspirert til friluftsliv med hytta som utgangspunkt. På ettersommaren foretok leiaren ein "inspeksjon" på taket for å sjå om han kunne finna nokon lekkasje. Det kan ha vore nokre naglar i takplatene som har løysna slik at fukt kunne koma inn. Desse naglane er nå slått ned, og problemet ser ut til å vera løyst.

Me vonar på ein god vinter!

Ingvild Seland

Årsmelding for PUH-gruppa

PUH-gruppa har i 1998 hatt 29 øvingar på tysdagskvelden frå kl. 18:30 - 20:00, 16 kveldar om våren og 13 kveldar om hausten.

Gruppa tel 24 betalande medlemmer pluss ca. 12 ledsagarar

Instruktørar har vore Olaug Eltervaag og Anne Møll, og vår eminente spelemann er Harry Monstad

Arrangement vi har vore med på:

Mars: Folkedanssamling i Gjesdal, Algård

Juni: Fyrfestivalen i Egersund m/framsyning

Oktober: Folkedanssamling i Egersund.

November: PUH haustfest i BUL med PUH-grupper i samarbeid med Stavanger kommune.

Gruppa er no stabil med svært lita utskifting, og med jamt frammøte, også av ledsagarane

Anne Møll

Årsmelding for «Holmgang»

Medlemene i redaksjonen har i 1998 vore:

Atle Røe (redaktør)

Fred Jensen

Anna Motland

Hilde Birgitte E. Løknes

Barbro Vanvik

På grunn av utdanning, har ikkje Hilde Birgitte E. Løknes vore med i redaksjonen i haust. Me har gjeve ut nr. 2 til 5, og sidetalet har anten vore 20 eller 24 sider. Nr. 1 (Årsmelding og årsmøteinncalling) har arbeidsutvalet laga, som vanleg.

I tillegg til det vanlege stoffet har me lagt vekt på kulturstoff, og me har teke til å skriva om personane bak portretta på veggene, som t.d. Arne Garborg. Det fyrste nummeret me laga, dvs. nr. 2, vart trykt på Omega Trykk, men dei andre har Audun Aarflot fått trykt på sin arbeidsplass. Han skal ha takk for det!

Årsmelding for Lagsbruket

Lagsbruket si samansetjing i 1998 har vore desse:

Lagsbruks-styret har hatt denne samansetjinga:

Leiar: Oddvar Flatabø

Nestleiar: Harald Kulander

Kasserar: Torstein Espedal, Pendlar mellom Oslo og Stavanger (arbeid i Oslo)

Skrivar: Helge Ødegaard

Styremedlem: Jan Dalene

Driftsleiaren, Tove Grødem Johnsen har spela ein viktig rolle i drifta, og har nok ein stor del av æra for at utleiga har auka som ho har. Etterkvart har Siddis-stova byrja verta kjent, slik at pågangen av leigetakara er stor.

Tove har no fått nytt arbeid utanfor BUL, og vi må finne erstatning for henne.

Takk Tove for den insatsen du har gjort i året som gjekk, og lukke til.

Det er også like klart at utan hjelp frå dei av lagslemene som har bruka av fritida si til å halde eigedomen vedlike (hus og uteareal), hadde ikkje driftsrekneskapen for huset vore såpass som den er. Eg nemner med hensikt ikkje namn her, men ein stor takk til dykk som har delteke i større eller mindre grad.

Lagsbruksstyret har møtt fast i Siddis-stova ein gong i veka, men unntak av sumaren, men har berre i den grad det har vore nødvendig, hatt dette som styremøte med protokollføring. Har bruka desse kveldane til praktiske gjeremål (kall det gjerne dugnad).

Alt ut frå kva moglegheit den enkelte har hatt, har vi også bruka mange timar utover dette til daglege gjeremål. Ikkje minst har mangelen på lagerrom og utstyr medført ekstra arbeid.

Ut frå den svært stramme økonomien vi har, noko som ikkje minst skuldast at vi ikkje fekk av STUI-midlane for 1998 (nemnt under helsinga frå lagsstyret), har vi vore nøydde til redusere bruken av leigehjelp mest mogeleg.

Den auken i inntektene vi har hatt i 1998, og som i stor grad skuldast auka utleige, men også sal av andelsbrev, har så langt mogleg vorte bruka til innkjøp av utstyr, for dermed å kunne auka inntektene enno meir.

Drifta:

Utgifter: Her har vi sagt opp avtalen med Pro Clean A/s, og har no avtale med private som vert avlønna kvar månad etter timetal og pris.

Vidare har vi hatt avtale med Tove Grødem Johnsen om drift (administrasjon av utleige)

Inntekter: I dette året har vi hatt dei same leigetakarane som i 1997.

Rogaland Fylkeskommune (Svithun skule) har kontrakt til somaren 1999, men har gitt signal om at dei ynskjer fornye.

Vidare har det auken av utleige til private tilstelningar teke seg opp, og vi må kanskje vurdere kor langt vi skal gå, då utleige heilt klart kan kome i vegen for lagsaktivitetar.

Handlingsplan for 1999:

Drifta av huset er ein prosess, slik at dei fleste aktivitetar vil pågå stadig, medan andre vil kome tilbake med års mellomrom. Det er difor naturleg å setje opp arbeidsprogrammet for 1999 med programmet for 1998 som utgangspunkt.

1. Marknadsføring av BUL sine lokaler. Vi har enno ikkje fått laga til eigen faldar, men markedet arbeider for oss. (Held fram også i 99)
2. Ha kontakt med fylkeskommunen om STUI-midlane. Dette er noko som må fortsetje så lenge som vi ikkje har fått det vi har fått tilsagn om (kan enno ta år)
- 3: Ferdigstilling av HMS opplegget for laget. Heri ligg utarbeiding av ordensreglar, instruksar og rutiner for ulike arbeidsoperasjonar. Endeleg ferdigstillingsattest frå kommunen. (Dette var sett opp i 3 pkt. I 1998 progr.
4. Beising av huset. Var med i programmet for 1998, men etter å ha innhenta uttalelse frå malar utsette vi dette til 1999.
5. Full vask av huset. Det byrjar å samle seg støv og skit, i krikar og krokcar, så her må vi brette opp armene medlemer.

6. Skaffe meir utstyr for enklare drift. Moppvaskemaskin, traller for bord og stolar, oppvaskemaskin(er).
7. Skaffe meir bord og stolar, slik at vi har nok til full oppdekning i heile huset, vidare syte for at det er utstyr på kjøkkenen til det same.

For lagsbruksstyret

Oddvar Flatabø, leiar.

HMS

Årsmøtet i 1998 vedtok arbeidsprogram for 1998. Eit av punkta var: Å sørge for at laget får eit HMS-system som er i tråd med internkontrollføreskriftene.

Internkontroll inneber at BUL skal:

- Syte for at ein har tilgang til dei lover og føreskrifter innanfor helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevinga som gjeld for verksemda, og ha oversikt over dei krav som er særleg viktige.

Føreskriftene og krava er no samla i ein eigen perm som alltid skal vera å finna på lagskontoret.

BUL har fastsette mål for helse, miljø og tryggleik:

Gjennom systematisk helse, miljø og tryggingsarbeid er det BUL si målsetjing at det ikkje oppstår skade på menneske, miljø eller materiell som følgje av aktivitetar i Siddis-stova.

Tragiske brannar og ulukker ved tilsvarande forsamlingshus har vist at HMS-arbeidet er svært viktig.

HMS inneber at BUL må utarbeide dokument som viser styring og ansvarsform. Desse dokumenta er no utarbeidd, og dei skal alltid vera å finna på lagskontoret.

Av praktisk HMS-arbeid har laget utført vedlikehald av hus og utstyr. Dei to vanskelegaste områda vi har funne er kjøkkenutstyret og varme- og ventilasjonsanlegget. For sikker drift av kjøkenutstyret er det utarbeidd bruksinstruksar som er hengt opp ved utstyret. I tillegg er det ein perm med instruksar og leverandørinformasjon på kjøkenet, og ein eigen perm med den same informasjonen på lagskontoret. Det er viktig for både drifta og tryggleiken at flest mogleg lærer bruken av utstyret. Dette gjeld så vel medlemmer som leigetakarar.

Varme- og ventilasjonsutstyret er PC-styrt system. Dette var opphavleg tenkt som eit heilautomatisk system der det ikkje skulle vera naudsynt med manuell styring. Drifta har vist at brukarane av huset har svært ulike behov, og at det er ønskjeleg med manuell styring i tillegg til den automatiske. Gjennom året som har gått har nokre fingerneme freista å overstyre PC-kontrollen med brytarane i sikringsskåpa. Dette er det råd å gjere, men samstundes vil dette øydelegge for brukarar i andre deler av huset. Det er òg ein fare når kven som helst går inn i sikringsskåpa. Av den grunn er det viktig at vi får høve til å regulere start av vifte og styring av luftspjeld i dei ulike salane/romå. Sikringsskåpa er berre for autorisert personell.

Dei viktigaste HMS-instruksane for laget er branninstruksane. Dei er utarbeidd som ein kombinasjon av branninstruks og ordensinstruks.

Alle leigetakarane får ein kopi av branninstruksen saman med leigekontrakta. Alle nye faste leigetakarar har òg fått branninstruksen.

Branninstruksen er òg hengd opp rundt om i lagshuset.

BRANNINSTRUKS VED LÅN AV SIDDIS-STOVA

Ved lån/leige av lokale i **Siddis-stova** tek du på deg ansvaret for tryggleiken til gjestene dine og deg sjølv. Som gjester vert rekna medhjelparane, lærarane og elevane dine, kursdeltakarar med følgje, og dei du inviterer med deg.

Du må av den grunn kjenne til retningslinene for bruken av huset, og du har ansvaret for at desse vert følgde:

- Du og medhjelparane dine har lese og forstått denne instruksjen.
- Rømningsvegar og brannsløkningsutstyr for lokala som skal brukast og plassering av telefon er identifisert. Teikningar over rømningsvegar, brannsløkningsutstyr og telefon er hengt opp fleire stader i huset.
- Arrangementet er for dine innbedne gjester, ukjende personar skal ikkje sleppast inn.
- Bruken av brannvernstyret i lokala.
- Sørgje for at rømningsvegane ikkje vert blokkerte under arrangementet.
- Rømningsdører skal ikkje brukast som utgangsdører, berre ved brann - rømning.
- Før du forlet lokala skal (dersom ikkje noko anna er avtala) desse ryddast, og bos og liknande skal plasserast i boscontainerane utanfor kjøkkenet.
- Når du går må du vera sikker på at det ikkje er andre att i huset. Slå av alt lys og sjå etter at alle elektriske apparat som har vore i bruk er avslagne, og at gasskomfyr er avstengd og gassflaska fråkoplta dersom dette har vore i bruk. Steng alle vindauga og lås dørene du har hatt tilgang til.

Når brann vert oppdaga:

- Trykk inn brannmeldaren.
- Sørg for å varsle alle som er i fare/tilstades.
- Varsle brannvesenet på telefon **110**.
- Prøv å sløkkje med tilgjengeleg brannsløkningsutstyr.
- Dersom dette ikkje let seg gjere, lat att alle dører og vindauga og forlat bygninga.
- Alle møtest utanfor bygget på ein plass der dei ikkje er til hinder for brannvesenet.

Samlingsplass:

- Alle samlast på parkeringsplassen.
- Du tek opteljing av gjestene dine, og melder frå til brannvesenet.
- Ingen forlet staden utan etter avtale med brannvesen/politi.
- Ingen går inn att i bygninga utan etter avtale med politi/brannvesen.

Harald Kulander

Brannvernleiar for **Siddis-stova**

